



**DET KONGELEGE
FISKERI- OG KYSTDEPARTEMENT**

Høringsnotat av 9. juli 2009

**Reguleringa av fisket etter makrell i
kystfartøygruppa**



Foto: Eksportutvalet for fisk

Høringsfrist 7. oktober 2009

1 Innleiing

Makrell er ein pelagisk ressurs som er viktig for aktiviteten til kystfiskeflåten, særleg i månadene frå august til oktober. Fisket etter makrell har innverknad på verdiskaping, sysselsetjing og busetjing langs kysten, spesielt på Vestlandet. I tillegg er denne fisken ei ettertrakta næringskjelde og eit viktig råstoff for eksport. Fordi makrellen medverkar til høg aktivitet hos mange kystfiskarar i haustmånadene, vert dette fisket viktig også indirekte for leverandørar av utstyr og fiskereiskapar og for ei rekkje tilbydarar av verkstadstenester, anna vedlikehald og sørvistenester.

Den norske totalkvoten av makrell vert fordelt mellom tre fartøygrupper – trålgruppa, ringnotgruppa og kystfartøygruppa – etter ein fast fordelingsnøkkel. Det er eit mål at reguleringane skal føre til eit ressursuttak på line med gruppekvoten for kvar fartøygruppe.

For trål- og ringnotgruppa fungerer reguleringane godt, og desse fiskar kvart år heile sin tildelte kvote. Deltakinga innafor kystfartøygruppa er meir usikker, særleg for dei mindre fartøya. Difor er det ei større utfordring å finne fram til eit reguleringsopplegg for desse som sikrar at heile gruppekvoten vert teken utan at han vert overfiska, og som samstundes ikkje favoriserer enkelte storleiksgrupper i flåten på dei andre sin kostnad. Dei siste ti åra har fleire ulike reguleringsystem vore forsøkt, og dette har medført at reguleringane for kystfartøygruppa no er vortne svært kompliserte. Fiskeri- og kystdepartementet finn det difor nødvendig å gjennomgå heile opplegget på nytt, og dette høyringsnotatet er eit ledd i arbeidet fram mot ei ny regulering som skal gjelde frå og med reguleringsåret 2010. Ei oversikt over talet på deltakartilgangar i kystfartøygruppa under 21,35 meter heimelslengd er gitt i tabell 1 og 2.

Tabell 1: Deltakartilgangar i kystnotgruppa per 2. juni 2009 (lengd i meter)

Kystnot		Største lengd						Sum
		0-9,99	10-12,99	13-14,99	15-17,99	18-21,35	Over 21,35	
Heimelslengd	0-9,99	79	17					96
	10-12,99	7	77	7	4	3	5	103
	13-14,99			3	1	5	3	12
	15-17,99					3	1	4
	18-21,35					6	31	37
	Sum	86	94	10	5	17	40	252

Tabell 2: Deltakartilgangar i garn-/snøregruppa per 2. juni 2009 (lengd i meter)

Garn/snøre		Største lengd			
		Under 11	11-14,99	Over 15	Sum
Heimslengd	0-9,99	36	3		39
	10-10,99	75	11	1	87
	11-14,99	2	72	9	83
	15-21,35	1	5	18	24
	Sum	114	91	28	233

Bestanden av nordaust-atlantisk makrell vert forvalta i fellesskap av kyststatane Noreg, EU og Færøyane. Fordelinga av totalkvotar skjer på bakgrunn av det ein reknar med er makrellen sitt utbreiingsområde, som mellom anna er basert på opplysningar frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES). Makrellen manglar symjeblære, og han er difor ikkje enkel å påvise i dei akustiske målingane frå forskningstokta. Fangstrapportar frå fiskarane har difor også vore ei viktig kjelde for bestandsberekningane. Dei siste åra har det skjedd store endringar i vandringsmønsteret til makrellen, truleg på grunn av klimaendringar og høgare havtemperaturar. Det er no påvist makrell så langt nord som sentralt i Barentshavet og nordvest i Norskehavet. På grunn av endringane i vandringsmønster og problema knytt til å påvise makrell under forskningstokta, vert forvaltninga ei stor utfordring for dei involverte kyststatane. Det grunnleggjande prinsippet for forvaltninga av makrellen, så vel som for dei andre marine ressursane, er likevel at ho skal vere berekraftig og basert på best tilgjengeleg vitskapleg kunnskap og rådgjeving.

Etter at totalkvoten er fastsett og fordelt mellom kyststatane, og Noreg sin del av kvoten er gjort kjend, vert det vedteke nasjonale reguleringar av fisket. Fiskeridirektoratet utarbeider forslag til regulering som vert drøfta i eit ope høyringsmøte (reguleringsmøtet), og næringa kan fremme eigne forslag til regulering i dette møtet. Når reguleringsmøtet er gjennomført og Fiskeridirektoratet har vurdert dei ulike innspelane frå høyringsinstansane, vert forslaget sendt til Fiskeri- og kystdepartementet som fastset reguleringsforskriftene før kvart årsskifte. Dersom ein finn det nødvendig å gjere større og meir heilskaplege endringar, vert det også gjennomført særskilte høyringar, slik som med kystfartøygruppa sitt makrellfiske i dette tilfellet.

Dei nasjonale reguleringane gjeld for eitt reguleringsår (oftast eit kalenderår), men dei kan endrast i løpet av året. Ein prøver å gjere strukturelle endringar i forkant av kommande års regulering, medan justeringar som endringar i maksimalkvotar, bifangstreglar, endring av periodekvotar, områdestenging osv. kan skje gjennom reguleringsåret.

Figur 1 viser ”reguleringskretsløpet” som illustrerer korleis prosessen med fiskerireguleringar går føre seg gjennom året.



Figur 1: Reguleringskretsløpet

I dette høyringsnotatet vert reguleringsopplegget for kystfartøygruppa sitt fiske etter makrell gjennomgått. Den historiske utviklinga fram mot den reguleringsmodellen som gjeld no vert først omtalt, med dei erfaringane som er gjort undervegs. Det vert vidare drøfta kva for omsyn som må takast når ein prøver å finne ei mest mogleg veltilpassa regulering. Til sist kjem to døme på reguleringsmodell som kan nyttast for å nå dette målet. Målet med høyringa er å få på plass ein god reguleringsmodell før neste års fiske, det vil seie eit reguleringsystem som fungerer effektivt innanfor rammene av gruppekvoten og som næringa oppfattar som stabilt og føreseieleg i åra som kjem.

I fiskerireguleringane vert det nytta ein del sentrale omgrep, og i boks 1 på neste side er dei viktigaste i samband med dette høyringsnotatet, definerte.

Nasjonal kvote

Det kvantum som norske fartøy samla kan fiske av eit bestemt fiskeslag. Dette kan anten vere ein del av TAC eller heile TAC'en dersom berre norske fartøy får kvote av dette fiskeslaget.

Gruppekvote

Den mengd som fartøya i ei reguleringsgruppe samla kan fiske av eit bestemt fiskeslag. Innafor ein gruppekvote kan det vere fritt fiske for dei einskilde fartøya inntil gruppekvoten er teken, eller gruppekvoten er fordelt mellom fartøya som fartøykvotar eller maksimalkvotar.

Reguleringsgruppe

Ei gruppe fartøy som deler ein gruppekvote. Til dømes er alle fartøy med makrelltrålkonsesjon ei reguleringsgruppe i makrellfisket.

Fartøykvote (grunnkvote)

Dersom summen av fartøya sine kvotar til saman utgjer gruppekvoten, kallar ein kvoten til det einskilde fartøy for fartøykvote. Han gjev i praksis – om ikkje juridisk – ein garanti for at fartøyet i løpet av året kan fiske dette kvantumet.

Maksimalkvote

Dersom summen av fartøya sine kvotar er større enn gruppekvoten, kallar ein kvoten til det einskilde fartøy for maksimalkvote. Det vert ikkje gjeve nokon garanti for at fartøyet får fiske heile dette kvantumet, fordi fisket vert stansa når gruppekvoten er fiska opp. Dette inneber konkurranse mellom fartøya om fisken, men mindre konkurranse enn om fisket var fritt innafor gruppekvoten.

Overregulering

Differansen mellom summen av maksimalkvotane og gruppekvoten. Vert uttrykt i prosent av gruppekvoten. Når eit fiskeri er regulert med maksimalkvotar vil summen av maksimalkvotane vere større enn gruppekvoten. Dersom summen av maksimalkvotane er 13 000 tonn og gruppekvoten er 10 000 tonn, er overreguleringa 30 %.

Skjeringsdato

Kvotar vert som regel fastsette/graderte etter fartøystorleiken. Dersom kvotane vert graderte etter fartøystorleik på eit bestemt tidspunkt, uavhengig av seinare utskiftingar/ forlengingar, vert dette tidspunktet omtalt som ein skjeringsdato.

Heimelslengd

Fartøylengda på skjeringsdatoen. Heimelslengda kan dermed avvike frå fartøyet si faktiske lengd dersom fartøyet er forlenga, bygd om eller skifta ut med eit anna etter skjeringsdatoen. Kvart fartøy er blitt tildelt kvotefaktorar ut frå kva heimelslengd dei høyrer til. Fordi den opparbeida kvotefaktoren ligg fast, er omgrepet heimelslengd eigentleg overflødig.

Fartøylengd/faktisk lengd

Den faktiske lengda til fartøyet kan avvike frå heimelslengda, fordi det gjeld eit prinsipp om fri fartøyutforming. Sjølv om kvotefaktorane ligg fast, har fartøyets faktiske lengd likevel vore nytta som utgangspunkt for tildeling av maksimalkvotar, for å sikre jamnare konkurranse mellom store og små fartøy.

Boks 1

2 Reguleringa av fisket etter nordaust-atlantisk makrell


Fisket etter makrell er i dag i hovudsak tilgangsregulert, med unnatak for fartøya i kystfartøygruppa som fiskar i open gruppe på ein eigen del av totalkvoten. Tilgangen til å delta i fisket er avgrensa gjennom konsesjonsordninga for fartøy i trål- og ringnotgruppa og gjennom den årlege tilgangsavgreisinga for kystfartøya.

2.1 Kvotefordeling

Den gjeldande fordelinga av den norske makrellkvoten er i tråd med det som vart vedteke på Norges Fiskarlag sitt landsmøte i 2001. Fordelinga skjer etter ein fast nøkkel, etter fråtrekk til forskings- og undervisningsformål og til agn. Trålgruppa vert kvart år tildelt ei fast eining på 3,2 prosent, medan kystfartøygruppa vert tildelt 18,5 prosent, men likevel med eit fastsett minimum på 25 000 tonn. Det resterande vert tildelt ringnotgruppa. Bakgrunnen for det fastsette minimumet til kystflåten er at ein ved låge totalkvotar ønskjer å prioritere denne fartøygruppa. I tillegg til den fastsette prosentteininga for kystflåten, vart det frå 2008 "overført" 1000 tonn makrell frå ringnotgruppa til kystnotfartøy under 13 meter.

Med unntak frå den siste endringa, har det vore semje om fordelinga mellom dei ulike fartøygruppene i Norges Fiskarlag i ei årrekke, og denne nøkkelen er difor godt etablert.

Av kvoten som vert fordelt til kystfartøygruppa har det vore ei fast avsetjing på 400 tonn til fartøy under 13 meter i open gruppe, medan 100 tonn har gått til ikkje-manntalsførte fiskarar som fiskar med landnot. Kvoten i lukka gruppe er fordelt med 65 prosent til fartøy som fiskar med not og 35 prosent til fartøy som fiskar med garn og snøre. Når det gjeld lukka gruppe har reguleringa vore endra ei rekkje gonger dei siste åra, fordi det har vist seg problematisk å finne ei regulering som vert oppfatta som rettferdig av alle storleiksgrupper, samstundes som det kan leggjast opp til at heile kvoten for kystflåten vert teken, men utan at han vert overskriden. Figur 2 illustrerer fordelinga av den norske totalkvoten i 2009.



Figur 2: Fordeling av totalkvoten og kvoten til kystfartøygruppa

2.2 Historisk utvikling av reguleringa fram til 2003

Fisket etter makrell var ope for alle kystfartøy under 21,35 meter fram til og med 1996. Det vil seie at fartøya var regulerte med dei same høge maksimalkvotene innanfor gruppekvoten til kystfartøya, og dei fiska difor relativt fritt. Fisket vart såleis regulert som eit kappfiske som kunne stoppast når heile gruppekvoten var teken.

Eit kappfiske av denne typen er ein fordel for dei største og mest effektive fartøya, og kunne difor fungere som eit insentiv til å auke storleiken på eige fartøy for å stille betre i konkurransen. Det har vore politisk semje om at det er eit mål å sikre ein variert flåtestruktur, av omsyn både til driftsgrunnlaget for dei mindre aktørane og til busetjinga i distrikta. Eit opplegg som motiverer til konkurransefiske kunne ikkje foreinast med desse måla, i tillegg til at det motverkar eit jamt fiske gjennom sesongen og dermed ikkje fører til stabil tilgang på råstoff for landindustrien. På bakgrunn av høge priser og godt innsig av makrell skjedde det i tillegg ein relativt stor kapasitetsauke i kystflåten midt på 1990-talet.

Som eit tiltak mot desse problema vart gruppa av fartøy over 13 meter som fiskar med not tilgangsregulert i 1997. Eit av kriteria for deltaking var at ein i 1996 eller minst to av åra 1993, 1994 eller 1995 måtte ha delteke i notfisket og levert makrell. Fartøya i denne gruppa vart regulert med maksimalkvotar på 225 tonn, medan dei resterande i kystfartøygruppa fekk maksimalkvotar på 85 tonn. Erfaringane frå 1997 viste at kriteria for å få tilgang til lukka gruppe var for liberale, og det vart sett eit nytt krav for å få tilgang i 1998. Kravet innebar levering av makrell anten i begge åra 1995 og 1996, eller i 1997. Fartøya i lukka gruppe vart no innplasserte i lengdegrupper med ulike maksimalkvotar, og skjeringsdatoen vart sett til 9. juli 1998.

Neste steg i lukningsprosessen skjedde i 2001, denne gong for garn-/snørefartøy over 13 meter. Skjeringsdatoen for kvotefordeling til desse fartøya vart sett til 14. juli 2001, og føresetnaden var mellom anna levering av makrell i 1998, 1999 eller 2000.

I 2003 vart fisket lukka for alle kystfartøy også under 13 meter. Skjeringsdatoen vart sett til 31. desember 2001, og kvart fartøy måtte ha levert minst 5 tonn makrell i eit av åra 1998, 1999 eller 2000. Med unntak av ei eiga avsetjing til open gruppe, var heile kystfartøygruppa no lukka. Det første året vart alle fartøy tilhøyrande dei minste gruppene tildelt eit garantert kvantum på 5 tonn i botnen, elles vart gruppa regulert med maksimalkvotar som auka med storleiken på fartøyet. Garn-/snøregruppa hadde ulik maksimalkvote for fartøy over og under 10 meter, medan notgruppa hadde ein lengre kvotestige (tilsvarande lengdeinndeling som i tabell 3).

Sjølv om fisket frå 2003 vart lukka for alle lengdegrupper, var alle grupper regulerte med relativt romslege maksimalkvotar. Fisket var altså framleis ganske fritt innanfor gruppene over og under 13 meter. Eit fiske med maksimalkvotar og høg overregulering motiverte difor til eit kappfiske innanfor kvar gruppe, der dei største og mest effektive

fartøya hadde eit fortrinn. Dei som var raske med å fiske sin maksimalkvote kunne bidra til at fisket vart stoppa tidleg, og på den måten avbryte fisket til dei mindre effektive fartøya før desse kom skikkeleg i gang. Sidan effektiviteten til fartøya hadde mykje å seie for deira stilling i konkurransen, vart det skapt insentiv til å betre fangstkapasiteten ved å til dømes auke fartøylengda. Fordi innplasseringa i lengdegruppe var basert på ei lengd som vart registrert på eit tidlegare tidspunkt (skjeringsdatoen), var reguleringa såleis ikkje til hinder for at ein kunne endre den faktiske lengda på fartøyet i ettertid.

2.3 Reguleringane i perioden frå 2004 til 2007

I 2004 vart gruppekvoten for lukka notgruppe under 21,35 meter skild mellom fartøy med heimslengd under 13 meter og fartøy med heimslengd på eller over 13 meter. Notfartøy under 13 meter hadde ei overregulering på 200 prosent, medan dei over 13 meter hadde ei overregulering på 13 prosent. For heile garn-/snøregruppa var overreguleringa 70 prosent. Sett vekk frå eit garantert kvantum på 5 tonn for dei minste fartøya, vart alt fiske i lukka gruppe regulert utelukkande med kvotefaktorar og maksimalkvotar for dei ulike lengdegruppene, jf tabell 3 og 4. Det vart i tillegg innført nye lengdegrupperingar for garn-/snørefartøy, jf tabell 4.

Tabell 3: Kvotestige for notgruppa i 2004

Fartøy	Kvotefaktor	Maksimalkvote	Garantert kvantum
0–9,99 m	1,00	52 tonn	5 tonn
10–12,99 m	1,26	66 tonn	
13–14,99 m	4,07	77 tonn	
15–17,99 m	5,98	114 tonn	
18–21,35 m	9,66	184 tonn	

Tabell 4: Kvotestige for garn-/snøregruppa i 2004

Fartøy	Kvotefaktor	Maksimalkvote	Garantert kvantum
0–9,99 m	1,00	36 tonn	5 tonn
10–14,99 m	1,75	63 tonn	
15–21,35 m	2,13	77 tonn	

På grunn av eit ønskje om å skape meir ro rundt fisket, vart det i 2005 innført fartøykvotar for notfartøy over 13 meter. Føremålet var å gjere det enklare for næringa å sjå føre seg sitt eige fiske og dermed gjere det lettare å drive driftsplanlegging. Eit jamnare fiske vart også sett på som ein fordel for landsida, sidan leveringa då i større grad kan avtalast. I 2004 førte den høge overreguleringa for notfartøy under 13 meter til at det ordinære fisket måtte stansast same dag som det vart opna. Difor valde ein å redusere overreguleringsgraden frå 192 prosent til 102 prosent i 2005. For garn-/snøregruppa vart kvoteeininga, det vil seie det kvantumet som høyrer til kvar kvotefaktor, redusert frå 36 tonn i 2004 til 26 tonn i 2005. Samstundes vart overreguleringa for denne gruppa senka til 45 prosent.

Regulering med fartøykvotar for notgruppa over 13 meter viste seg å vere føremålstenleg, og den lågare overreguleringa for notfartøy under 13 meter gjorde at avviklinga av fisket føregjekk som tenkt. Det var semje i næringa om ei vidareføring av denne forma for regulering også i 2006, og det vart difor inga vesentlege endringar i reguleringa dette året.

Under reguleringsmøtet hausten 2006 var mange opptekne av problema med å innplassere fartøya i notgruppa etter heimslengd. Sjølv om ein i overreguleringssamanheng hadde eit skilje mellom notfartøy over og under 13 meter etter heimslengd, var denne grensa ikkje knytt til fartøyet si *faktiske* lengd. Prinsippet om fri fartøyutforming gjer at ein kan byte ut båten eller byggje han om uavhengig av den kvotetilgangen ein opparbeida seg før fisket vart lukka. Med garanterte kvotar for kvart fartøy og liten grad av overregulering er ikkje dette eit problem, fordi kvotereguleringa då er til hinder for at ein kan dra nytte av å auke sin eigen fangstkapasitet. Dersom overreguleringa er større, slik som for notfartøy i makrellfisket med heimslengd under 13 meter, stiller det seg annleis. For å auke fangstkapasiteten og gjere seg betre i stand til å konkurrere om den overregulerte delen av kvoten, kan det vere lønsamt å byte ut fartøyet med eit som har større faktisk lengd. Fartøy med ei faktisk lengd over 13 meter har eit konkurransefortrinn fordi dei kan gå raskare til og frå fiskefelta, dei kan gå lengre frå land, dei kan laste meir per tur og dei er ikkje så avhengige av veret. Dette konkurransefortrinnet vil vere på dei minste sin kostnad fordi desse ikkje er like effektive og dermed ikkje kan nytte seg av overreguleringa på same måte. Slik sett var den gjeldande reguleringa ikkje i samsvar med målet om å styrkje konkurransevna til dei minste fartøya og såleis oppretthalde ein variert flåte.

For å komme dette problemet i møte, vart det for reguleringa i 2007 vedteke å innplassere fartøya etter *faktisk* lengd i overreguleringssamanheng. Heimslengda vart framleis bestemmande for fordeling av dei faste fartøykvotane, men fartøya ville altså ikkje kunne hente overregulering anna enn frå den gruppa dei etter faktisk lengd tilhørte. For å unngå at fartøya skulle nytte driftskvoteordninga til å omgå denne nye reguleringa, vart også forskrifta om spesielle kvoteordningar for kystfiskeflåten endra, slik at fartøy med faktisk lengd over 13 meter ikkje lenger fekk tilgang til å nytte driftsordningskvote frå fartøy under 13 meter. Overreguleringa var omkring 87 prosent for fartøy under 13 meter, medan gruppa av fartøy på eller over 13 meter var svakt underregulert. Reguleringa for notgruppa i 2007 kjem fram av tabell 5 og 6.

Tabell 5: Notfartøy med faktisk lengd under 13 meter

Fartøyets heimslengd	Kvotefaktor	Kvotar (tonn) per fartøy utan overregulering	Maksimalkvote
0–9,99 m	1,1678	18,15	34,00
10–12,99 m	1,4714	22,87	42,84
13 – 14,99 m	4,2967	66,78	125,11

Tabell 6: Notfartøy med faktisk lengd på eller over 13 meter

Fartøyets heimslengd	Kvotefaktor	Kvotar (tonn) per fartøy utan overregulering	Fartøykvotar (tonn)
0–9,99 m	1,1678	-	-
10–12,99 m	1,4714	22,87	22,29
13–14,99 m	4,2967	66,78	65,09
15–17,99 m	6,3131	98,11	95,64
18–21,35 m	10,1981	158,49	154,50

Ein større maksimalkvote til eit lite fartøy enn til eit større fartøy kan verte oppfatta som urimeleg, men skriv seg altså frå ei høg overregulering som følgje av at desse fartøya, i motsetnad til dei store, i realiteten berre fiskar delar av sine tildelte kvotar.

2.4 Reguleringsopplegget i 2008

Med unntak frå endringa som innebar ei overføring av 1000 tonn makrell frå ringnotgruppa til notgruppa under 13 meter, vart det ikkje nokon større endringar i notgruppa sitt fiske frå 2007 til 2008.

Garn-/snøregruppa hadde til og med 2007 vore regulert etter heimslengd, og fartøya fiska på ein samla gruppekvote med *ei* overregulering. Norges Fiskarlag og Norges Kystfiskarlag fremma forslag under reguleringsmøtet om å innføre ”Finnmarksmodellen” i garn-/snøregruppa, der ein har tre reguleringsgrupper med differensiert overregulering etter faktisk lengd. Føremålet med dette var å skjerme små fartøy frå konkurransen frå dei større fartøya. I denne gruppa var det stor variasjon i kor mange fartøy som deltok kvart år og kor stor del av kvoten kvart fartøy utnytta.

På bakgrunn av forslaget frå Norges Fiskarlag og Norges Kystfiskarlag vart det innført ei tredeling av garn-/snøregruppa i samsvar med tabell 7-9.

Tabell 7: Kvotestige for garn-/snørefartøy i 2008

Største lengde under 11 meter			
Heimslengde	Kvotefaktor	Maksimal kvote	Av dette garantert
0 - 9,99 m	1,00	26,00	19
10 - 10,99 m	1,75	45,50	33
11 - 14,99 m	1,75	45,50	33
15 - 21,35 m	2,13	55,38	40

Tabell 8: Kvotestige for garn-/snørefartøy i 2008

Største lengde 11 - 14,99 meter			
Heimelslengde	Kvotefaktor	Maksimal kvote	Av dette garantert
0 - 9,99 m	1,00	20,00	19
10 - 10,99 m	1,75	35,00	33
11 - 14,99 m	1,75	35,00	33
15 - 21,35 m	2,13	42,60	40

Tabell 9: Kvotestige for garn-/snørefartøy i 2008

Største lengde på eller over 15 meter			
Heimelslengde	Kvotefaktor	Maksimal kvote	Av dette garantert
0 - 9,99 m	1,00	19,43	19
10 - 10,99 m	1,75	34,00	33
11 - 14,99 m	1,75	34,00	33
15 - 21,35 m	2,13	41,38	40

Denne fordelinga gav ei overregulering på 38,9 prosent for fartøya under 11 meter, 5,88 prosent for fartøya mellom 11 og 15 meter, og 3,8 prosent for fartøya på eller over 15 meter.

Både fiskeristyresmaktene og næringa innsåg at ei slik regulering ville gjere det gjeldande regelverket meir komplisert. Likevel var det forventningar til at dette opplegget, på same måte som for kystnotgruppa, ville hindre ei kvotemotivert utskifting av fartøy for å kunne dra større nytte av overreguleringa, og dermed sørge for å oppretthalde ein variert flåte. Ein venta også at det skulle verte ein jamnare konkurranse innafor dei ulike gruppene.

Erfaringa frå fisket i 2008 viste likevel at innføringa av Finnmarksmodellen har ført med seg nye problem. Som tidligare nemnt er det kvart år stor tvil om dei minste fartøya si faktiske deltaking i fisket. Det er difor svært usikkert om fartøygruppa under 11 meter maktar å fiske heile sin gruppekvote, sjølv med ei stor overregulering. I løpet av første halvår 2008 vart fleire fartøy ført over frå gruppa under 11 meter til gruppa mellom 11 og 14,99 meter. Det gjorde det nødvendig å auke kvoteeininga for denne gruppa. Overreguleringa for fartøy mellom 11 og 14,99 meter gjorde at kvoten til denne gruppa vart raskt fiska opp, og fisket vart difor stoppa allereie 18. september. Reguleringa hindra såleis denne gruppa i å "hjelpetil" å ta heile kvoten til garn-/snøregruppa, og det var difor nødvendig med tilpassingar frå Fiskeridirektoratet i løpet av sesongen. Gruppa under 11 meter fekk problem med å ta heile sin kvote, og gruppa mellom 11 og 14,99 meter fekk difor høve til å "skli" litt over gruppekvoten. Fisket for denne gruppa vart gjenopna i nokre dagar, og på ny stoppa då den opphavlege gruppekvoten vart overskriden med 993 tonn.

På bakgrunn av behovet for refordelingar og problema som Finnmarksmodellen skapte for ei effektiv avvikling av fisket, stilte Fiskeridirektoratet spørsmål kring vidareføring av denne modellen.

Under reguleringsmøtet i november 2008 foreslo Fiskeridirektoratet å gå tilbake til å regulere garn-/snøregruppa som ei gruppe med felles overregulering. Norges Fiskarlag ønskte ikkje å uttale seg her, men viste til at det var sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere kva for reguleringsopplegg dei skulle gå inn for. Denne gruppa konkluderte i februar 2009, etter å ha vurdert tre ulike modellar. Det eine forslaget gjekk ut på å vidareføre ordninga med Finnmarksmodellen, det andre gjekk ut på å nytte prosentvis fiska kvantum som grunnlag for fordeling av kvoten mellom dei ulike lengdegruppene, medan det tredje gjekk ut på å følgje Fiskeridirektoratet sitt forslag om å gå tilbake til ei felles regulering. Arbeidsgruppa var ikkje samd om ei tilråding, men fann som kompromiss ut at ein bør gå tilbake til regulering i ei felles gruppe, under føresetnad av at kvart fartøy vert tildelt eit relativt stort kvantum i botn, og at dette kvantumet må vere *garantert* ut året.

3 Vurdering

Eit velfungerande reguleringsopplegg skal først og fremst hindre overfiske av den fastsette gruppeknoten. Følgjeleg må dette også vere det overordna målet når ein vel reguleringsmodell, og det er viktig å gjere merksam på at det difor ikkje i noko tilfelle kan *garanterast* kvotar som samla utgjer meir enn gruppeknoten. Andre viktige spørsmål som er underordna hovudmålet kan vere:

- Skal tilpassingar frå den enkelte fartøyeigar påverke andre?
- Må like fartøy ha lik kvote?
- Kva for modell kan sørge for å oppretthalde ein variert flåtestruktur og sikre jamn konkurranse mellom fartøy av ulik storleik?
- Kva for modell kan leggje opp til at heile gruppeknoten vert teken utan at ein treng å gjere større omfordelingar, endre reguleringa eller stoppe fisket undervegs?
- Kva for modell vil sannsynlegvis kunne fungere stabilt i mange år og gjere fisket mest mogleg føreseieleg for aktørane i kystflåten?
- Kva for modell er enklast å administrere?

Reguleringa av det lukka makrellfisket i kystfartøygruppa har i løpet av dei seinaste åra blitt endra ei rekkje gonger, og reguleringa er no svært samansett og uoversiktleg. Til no har problemstillingane som er nemnde i dei tre første spørsmåla vore drøfta mest. Utviklinga av reguleringane og innføringa av deltakaravgrensingar har føregått til kvar si tid i kystnotgruppa og garn-/snøregruppa og dermed ført til at reguleringa no er heller fragmentert og lite heilskapleg. Departementet ønskjer med denne prosessen å leggje størst vekt på dei fire siste punkta når eit nytt og revidert reguleringsystem skal meislast ut. Målet er at reguleringa no skal kunne "setje seg", slik ho har gjort for dei to andre flåtegruppene i dette fisket, etter at det i fleire år har vore prøvd ut ulike

variantar. Det er viktig å merke seg at ei fiskeriregulering ikkje kan ivareta alle omsyna fullt og heilt, men at det alltid er snakk om avvegingar og prioriteringar. Dette er også årsaka til at departementet finn det nødvendig at alle næringsaktørane skal ha høve til å gje sitt innspel. Den reguleringa som vert vedteken vil byggje på ei heilskapleg vurdering der synspunkta i høyringsfråsegnene skal inngå.

Departementet ser for seg ei endring som inneber at kystnotgruppa og garn-/snøregruppa vert sette under like reguleringsmodellar. Ei slik forenkling vil gjere reguleringsregimet meir oversiktleg både for næringa og forvaltninga. Eit anna element som bør inngå i vurderinga er i kva for grad opplegget let seg harmonisere med reguleringa av kystfartøygruppa sitt fiske etter torsk. Departementet ber difor om forslag til ei regulering som er basert på desse føresetnadene. I dei følgjande delkapitla er det ein kortfatta diskusjon kring problem som er knytt til makrellreguleringa.

3.1 Kvoteutnytting og overregulering

Spørsmålet om overregulering heng saman med gjennomsnittleg kvoteutnytting i kvar einskild gruppe. Dersom ein med sikkerheit kunne føreseie at alle fartøy ville fiske grunnkvoten sin, ville det verken vere rom for eller trong for å overregulere fisket, fordi heile gruppekvoten då ville bli fiska. Overregulering er altså eit instrument som vert nytta for å leggje opp til at heile gruppekvoten skal takast.

Med auka fartøystorleik aukar også den gjennomsnittlege kvoteutnyttinga, og behovet for overregulering vert tilsvarande mindre. Om ein overregulerer heile gruppa samla sett, kan dei store fartøya dra nytte av uvissa kring deltakinga til dei minste fartøya og på den måten sikre at heile kvoten vert teken. Ei ulempe ved ei slik samla overregulering er at det kan føre med seg eit kappfiske mellom små og store båtar, der dei store har eit klart konkurransefortrinn. Med eit prinsipp om fri fartøyutforming vert det difor ein motivasjon til å byte ut eller forlenge sitt eiga fartøy, slik at ein rekk å fiske heile maksimalkvoten før fisket eventuelt vert stoppa.

Som vist til i den historiske gjennomgangen har ein forsøkt å avhjelpe denne konkurransevridinga ved å differensiere overreguleringsgraden mellom fartøy av ulik faktisk lengd når ein tildeler maksimalkvotar, slik at ikkje dei store fartøya får høve til å ta den del av kvoten som er tiltenkt dei små. Dette fører til at fartøy tilhøyrande dei minste lengdegruppene får ei svært stor overregulering, medan dei store får ei overregulering som ligg nær null. Eit problem ved denne modellen er at låg deltaking frå dei minste fartøya kan føre med seg eit behov for ei refordeling til dei store seint i sesongen. Dei store fartøya fiskar normalt grunnkvoten sin raskt og vert hindra frå å delta, sjølv om det står att mykje av den felles gruppekvoten. Det var nettopp dette som hende i garn-/snøregruppa i 2008.

3.2 Heimelslengd og faktisk lengd

Heimelslengda for kvotetildeling er ei kvotelengd som er bestemt av fartøyet si faktiske lengd på ein skjeringsdato tilbake i tid. Til kvar heimelslengdegruppe svarar det ein gitt

kvotefaktor, i samsvar med den fordelinga som vart bestemt då fisket vart lukka. Fordi fordelinga av kvotefaktorar ligg fast og er knytt til den historiske heimslengda, vert bruken av omgrepet heimslengd i kvar av dei årlege reguleringane eigentleg overflødig.

I eit system med fastsett fordeling av kvotefaktorar kan fartøya byggjast om eller skiftast ut utan at det påverkar grunnkvoten som er knytt til deltakartilgangen. Fordelen med eit slikt system er at fartøyeigar kan vere sikker på sitt eige kvotegrunnlag, og vedkommande kan planleggje eiga drift og investere og tilpasse ut frå dette. I tillegg inneber det at tilpassingar som ein fartøyeigar gjer ikkje påverkar grunnkvoten til resten av fartøya i gruppa, fordi han ligg fast. Etter kvart som fartøya vert skifta ut eller bygde om vil det vere liten samanheng mellom den faktiske lengda og kvotefaktoren. Dette bør likevel ikkje vere problematisk, sidan grunnkvoten vert tildelt på bakgrunn av ei fastsett kvotefordeling i fortida, og ikkje ut frå dei tilpassingar som ein fartøyeigar stadig gjer. Når det gjeld overregulering og maksimalkvotar stiller det seg likevel annleis, fordi utnyttinga av overreguleringa heng nøye saman med korleis fartøyeigaren tilpassar fangstkapasiteten sin. Dette er tilpassingar som vil skje på dei andre deltakarane sin kostnad.

4 Departementet sine forslag til regulering frå og med 2010

Fiskeri- og kystdepartementet føreslår ei vesentleg forenkling av reguleringa for kystfartøygruppa. Som tidlegare nemnt har reguleringa over tid utvikla seg til å bli uoversiktleg og kompleks, og det er ønskeleg at vi no gjer nødvendige grep for at regelverket skal blir meir tilgjengeleg og enklare å føresjå for næringsaktørane, samstundes som det skal vere betre tilpassa ei god og kostnadseffektiv administrativ handheving. Innafor desse rammene bør reguleringsopplegget sikre jamn konkurranse mellom små og store fartøy og framstå som mest mogleg rettferdig for deltakarane i dei ulike gruppene. Departementet vil skissere to forslag til regulering, der det siste inneber den enklaste forma for regulering og den største endringa frå det noverande opplegget. Det vert også diskutert nokre ulike alternativ innafor dei skisserte forslaga.

4.1 Forslag 1: Vidareføre fordeling av kvote mellom kystnot og garn/snøre – innføre lik lengdegruppeinndeling

Det første alternativet inneber at kvoten for lukka kystfartøygruppe framleis skal fordelast med 65 prosent til kystnotgruppa og 35 prosent til garn-/snøregruppa, men at reguleringsmodellen elles skal ha same form for desse to gruppene. Om vi ser vekk frå at kvotefaktorane kan justerast ved ei teknisk fordeling av eventuelle strukturgevinstar, ligg kvotefaktoren til kvart einskild fartøy fast. Det er knytt ein bestemt kvotefaktor til ei bestemt heimslengd.

For å sikre ein variert flåtestruktur vert det føreslått eit felles og absolutt lengdegruppeskilje for heile kystfartøygruppa når det gjeld overregulering og tildeling av maksimalkvotar. Det kan diskuterast kor eit slikt skilje bør gå, men etter departementet sitt syn bør det vere på anten 11 eller 13 meter, då dette er grenser som

allereie er i bruk i kystfartøygruppa. Om skiljet vert sett til 13 meter, vil ikkje den nye reguleringa føre med seg nokon større endringar for *notgruppa*, sett vekk frå at det ikkje lenger er mogleg for nokon fartøy over 13 meter å sikre seg overregulering tilsvarende gruppa under 13 meter. For *garn-/snøregruppa* vil derimot eit slikt skilje bety noko heilt nytt. Om skiljet vert sett til 11 meter vert det motsatt, då dette allereie er ei etablert grense i garn-/snøregruppa, men inneber ei ny fordeling i notgruppa.

Eit skilje på 13 meter kan tilskrivast den fordelten at det vil gjere det mindre nødvendig med ein stor overreguleringsgrad for den minste lengdegruppa i garn-/snøregruppa. Dette kjem av at det vil herske mindre tvil rundt den samla deltakinga for ei gruppe under 13 meter enn for ei gruppe under 11 meter. Med ei slik grense får ein rett nok ikkje verna dei aller minste mot konkurranse frå dei noko større, men etter eit år med Finnmarksmodell og grenser på 11 og 15 meter har vi erfaring med kva for utfordringar som kan oppstå med omsyn til omfordeling og kvoteutnytting. Ei enkelt grense på 13 meter vil ta betre vare på ein variert flåtestruktur enn om vi går tilbake til ei samla overregulering for heile garn-/snøregruppa, og dette fungerer såleis som eit kompromiss. For notgruppa vil ei grense på 13 meter i staden for 11 meter truleg hindre at behovet for overregulering vert enda større for den minste gruppa (enn ca 92 prosent, som gjeld for fartøy under 13 meter no).

Der det er mogleg, bør ein forsøke å leggje til rette for eit harmonisert reguleringsopplegg mellom ulike fiskeri. Eit koordinert reguleringsopplegg mellom ulike fiskeri som vert drive av dei same aktørane vil sikre stabilitet og forenkle planlegging av drifta for desse. Når det gjeld harmonisering av reguleringa av fisket etter makrell med reguleringa av fisket etter torsk, kan ei grense på 11 meter vere føremålstenleg, fordi dette allereie er ei etablert grense i torskefisket. Vala desse aktørane gjer med omsyn til fartøyutforming og liknande vil då få same type konsekvens for overregulering både i fisket etter makrell og torsk.

Uavhengig av om grensa vert sett til 11 eller 13 meter, bør den vere absolutt for heile kystfartøygruppa, slik at eit fartøy over grensa ikkje kan hente overregulering frå eit fartøy under grensa. Sjølv om Forslag 1 inneber ei felles lengdeinndeling, vil ein framleis kunne tilpasse overregulering og maksimalkvotar i notgruppa og garn-/snøregruppa kvar for seg. Oppsettet for regulering med ei felles grense på 13 meter er vist i tabell 10 og 11. Overreguleringar og kvotar er berre meint som døme, og det bør ikkje leggjast for mykje vekt på desse, då kvotane endrar seg årleg i samspel med storleiken på den norske totalkvoten og fordi overreguleringane vil endre seg i tråd med forventning om deltaking i fisket.

Tabell 10: Kvotefordeling kystnotfartøy. Fordeling av kvotefaktorar ligg fast og tabellen viser årets kvotefaktorar (basert på heimslengd og justert etter strukturgevinstar). Grunnkvotane er her dei same som i årets regulering, medan maksimalkvotane varierer i tråd med kva for overreguleringsprosent ein vel.

1) Grunnkvoten er kvotefaktor multiplisert med kvoteeininga, som vert fastsett ved å dividere totalkvoten på det totale talet på kvotefaktorar.

2) Maksimalkvoten er grunnkvoten multiplisert med overreguleringsprosenten. Ved underregulering vert maksimalkvoten såleis lågare enn grunnkvoten.

Kystnotfartøy						
Heimslengd	Kvotefaktor	Grunnkvote (tonn)	Maks.kvote – faktisk lengd u/13m (overreg 30%)	Maks.kvote – faktisk lengd u/13m (overreg 60%)	Maks.kvote – faktisk lengd u/13m (overreg 90%)	Maks.kvote – faktisk lengd o/13m (underreg -2%)
0 – 9,99 m	1,2145	27,42	35,65	43,87	52,10	26,87
10 – 12,99 m	1,5303	34,55	44,92	55,28	65,65	33,86
13 – 14,99 m	4,4617	100,75	130,98	161,20	191,43	98,74
15 – 17,99 m	6,5555	148,02	192,43	236,83	281,24	145,06
18 – 21,35 m	10,5897	239,12	310,86	382,59	454,33	234,34

Tabell 11: Kvotefordeling garn-/snørefartøy med ny gruppeinndeling (grense på 13 meter). Kvotefaktorane ligg fast og årets tal er vald som døme på grunnkvotar. Forslaga til overregulering for gruppene er utelukkande meint som døme. Sjå elles tabell 10 for forklaring.

Garn-/snørefartøy				
Heimslengd	Kvotefaktor	Grunnkvote (tonn)	Maks.kvote – faktisk lengd u/13m (overreg 30%)	Maks.kvote – faktisk lengd o/13m (overreg 5%)
0 – 9,99 m	1,00	27,29	35,48	28,16
10 – 14,99 m	1,75	47,76	62,09	50,15
15 – 21,35 m	2,13	58,13	75,97	61,04

4.2 Forslag 2: Felles kvote for kystnot og garn/snøre – lik lengdegruppeinndeling

Det andre forslaget inneber at reguleringsmodellen er på same form for heile kystfartøygruppa, slik som i Forslag 1, men der ein *ikkje* lenger gjer skilnad på notgruppa og garn-/snøregruppa. Det vil seie at ein har ein felles kvote for *heile* kystfartøygruppa og at overreguleringsgraden er uavhengig av reiskapsbruk. Med eit opplegg som dette ville ein altså berre ha *eitt* einaste skilje innan kystfartøygruppa, det vil seie eit gruppeskilje basert på fartøylengd (11 eller 13 meter) for tildeling av overregulering. Kvotefaktoren vil liggje fast og avgjere grunnkvoten for kvart einskild fartøy.

Med ein modell som dette, der heile kystfartøygruppa vert regulert som ei gruppe, kan ein også stille fartøyeigarane heilt fritt med tanke på reiskapsval. Modellen vil såleis gje den enkelte fartøyeigar større sjølvråderett når det gjeld å gjere eigne tilpassingar til driftsgrunnlaget. Ei samanslåing av notgruppa og garn-/snøregruppa vil ha

konsekvensar for overreguleringa i *begge* gruppene. Om gruppeskiljet vert sett til 13 meter, vil fartøya som har hatt stor overregulering, spesielt notfartøy under 13 meter, kunne få ei lågare overregulering, sidan det då blir eit langt større tal på fartøy i den samla gruppa under 13 meter. Garn-/snørefartøy mellom 11 og 13 meter kan det tenkjast at kjem ut med høgare overregulering enn i 2008, fordi desse hadde ein relativt låg overregulering med "Finnmarksmodellen". Om skiljet vert sett til 11 meter, vil truleg dei minste notfartøya kunne få ei noko lågare overregulering, medan dei over 13 meter vil kunne oppleve at den vert auka noko. For garn- snørefartøya kan dei minste fartøya oppleve noko høgare overregulering enn kva som er tilfelle no. Desse vurderingane er rett nok veldig usikre, fordi deltakinga er vanskelig å føreseie på lang sikt, og det er viktig å vere klar over at overreguleringsgraden må vurderast kvart år ut frå kva ein reknar med blir deltakinga samla sett i kvar av dei to ulike lengdegruppene. Det er også viktig å merke seg at til lågare gruppeskiljet vert sett, til større vert skilnaden mellom overreguleringsgraden mellom dei to gruppene. Dette kjem av at den samla deltakinga i den minste gruppa då vert mindre føreseieleg.

Ei felles regulering for heile kystfartøygruppa vil vere veldig enkel å handtere, og basert på vurderinga i avsnittet over kan ein konkludere med at denne samanslåinga på sikt også vil føre med seg mindre behov for svært store overreguleringar for enkelte grupper, slik ein til dømes har for den minste kystnotgruppa i dag. Med dette opplegget treng vi ikkje meir enn *ein* tabell for å vise fordelinga på bakgrunn av kvotefaktorar og faktisk lengd. Tabellen vil ha ein lengre stige, fordi han inneheld kvotefaktorar både for fartøy i den tidlegare notgruppa og den tidlegare garn-/snøregruppa (tabell 12).

Det er viktig å merke seg at lik heimslengd kan gi ulik grunnkvote. Dette kjem av at kvotefaktorane ligg fast og framleis er i samsvar med den tildelinga som fant stad då fisket vart lukka, og at garn-/snørefartøy og kystnotfartøy vart tildelt ulik kvotefaktor sjølv om dei hadde same lengd. Den historiske fordelinga av kvotefaktorar vert med andre ord ikkje endra, sjølv om kystfartøya no vert regulerte som *ei* samla gruppe med ein felles kvote.

Tabell 12: Kvotestige for kystfartøy i lukka gruppe. Tabellen inneheld alle heimslengdegruppene i tabell 10 og tabell 11, både for garn/snøre og not (heimslengder er ikkje vist her – berre dei tilhøyrande kvotefaktorane, sorterte i stigande rekkjefølgje). Tala på deltakartilgangar i tabell 1 og 2 (per 02.06.09) samt årets kvote for lukka kystnotgruppe (35 058 tonn) er brukt for å rekne ut nye grunnkvotar. Det er gitt to døme på kva for maksimalkvote som vert resultatet ved ulike gradar av overregulering for kvar av dei to lengdegruppene. Det er viktig å vere klar over at dette berre er sett for å illustrere døme, og at overreguleringa mellom anna vil måtte tilpassast ut frå kva for deltaking ein ventar.

Kystfartøy lukka gruppe					
Kvotefaktor	Grunnkvote (tonn)	Maksimalkvote (tonn) – faktisk lengd u/13m		Maksimalkvote (tonn) – faktisk lengd o/13 m	
		Overreg 15%	Overreg 30%	Overreg 5%	Overreg 10%
1,0000	30,93	35,57	40,21	32,48	34,02
1,2145	37,57	43,21	48,84	39,45	41,33
1,5303	47,33	54,43	61,53	49,70	52,06
1,7500	54,13	62,25	70,37	56,84	59,54
2,1300	65,88	75,76	85,64	69,17	72,47
4,4617	138,00	158,70	179,40	144,90	151,80
6,5555	202,77	233,19	263,60	212,91	223,05
10,5897	327,55	376,68	425,82	343,93	360,31

4.3 Generelle vurderingar

Eit opplegg som er basert på skissene som er lagt fram her vil gjere det langt enklare for forvaltninga å fastsetje dei årlege reguleringane. Det er ei kjensgjerning at til meir detaljert reguleringa er og til fleire atterhald ho inneheld, til vanskelegare er det å føresjå alle verknadene, og til meir sannsynleg er det at ein må gjere tilpassingar gjennom året, som er uventa for næringa. Særleg det siste forslaget gjev fartøyeigarane stor fridom, og dersom reguleringa får setje seg, kan næringa investere og planlegge drifta si for mange år framover og tilpasse fangstkapasiteten til driftsgrunnlaget. Ved fartøyutforming må eigarane gjere eit val med omsyn til kva lengdegruppe dei vil tilhøyre. Dette valet må vere basert på ei vurdering av om ein ønskjer å kunne dra nytte av høg overregulering i den minste gruppa, eller om ein vil auke fartøystorleiken for å kunne fiske grunnkvoten meir effektivt.

Det er lite truleg at ei samanslåing av notgruppa og garn-/snøregruppa vil gjere det lite attraktivt å fiske med garn eller snøre. Reiskapsbruken er knytt til tradisjonar, og dei små fartøya, garn-/snørefartøya, vert skjerna frå dei større og meir effektive notfartøya gjennom ein høgare overreguleringsgrad. Dessutan ligg kvotefaktorane fast og sørgjer såleis for at dette opplegget ikkje påverkar grunnkvotane.

Ein kan vurdere ulike variantar av overregulering i Forslag 2. I sin enklaste form kan kystfartøygruppa vere regulert som *ei* samla gruppe med *felles* overregulering for alle. Dette vil bety det same som fri konkurranse mellom alle fartøya når det gjeld å hauste innanfor maksimalkvoten, og dermed ei omfordeling frå dei små til dei store med størst fangst- og lastekapasitet. Om gruppekvoten er samla, kan ein også vurdere om det skal

skiljast på overregulering ut frå kva for reiskap som vert nytta. I tilfelle ville dette bety ei høgare overregulering om ein fisker med garn-/snøre enn om ein fisker med not. Ein kan og vurdere ulike opningsdatoar til det ordinære fisket for dei ulike reiskapsgruppene, slik at ein på den måten kan skjerme dei minst effektive.

4.3 Kort om deltaking, struktur, strukturgevinstar og driftsordning

Uavhengig av kva for modell ein vel, vil tilgangsreglane alltid følgje reguleringsgruppene. Det vil seie at deltakarreglane og strukturgruppene vil måtte tilpassast slik at dei er innretta etter den modellen som vert vald. Strukturgevinstar vil alltid fordelast innan den aktuelle lengdegruppa, uavhengig av kor gruppeskiljet går. Difor bør ikkje problematikken kring dette tilleggast vekt når ein vel reguleringsmodell. Tilpassingar av regelverket må skje i etterkant dersom ein finn at den nye reguleringsmodellen krev det.

4.4 Oppsummering

Departementet ønskjer tilbakemeldingar på dei to forslaga, der det vert peikt på fordelar og problem knytt til modellane med tanke på dei måla som har vore nemnt tidlegare i dette notatet. Når ein vurderer forslaga bør ein ikkje leggje for mykje vekt på korleis ein ville komme ut i år samanlikna med fjoråret. Kvoteiningar og overregulering endrar seg frå år til år, så det er viktigare å prøve å sjå for seg korleis reguleringane vil verke i eit langt tidsperspektiv. Av erfaring vil næringa uansett tilpasse seg dei nye reguleringane når dei set seg. Det er også ønskeleg med andre forslag til eit opplegg som kan sikre ei oversiktleg regulering og ei stabil og føremålstenleg fordeling av kystfartøykvoten.